


# KLEIVEN ØVRE



*Av Knut Raastad, skrivi 2004*

*I 1841 vart Kari Johnsdotter Kleven f. 1816 gift med Svend Siversen Storvikseie 1788-1857. Kari var dotter til Jon Knutsson f. 1793 i Turtumøygarden og Ragnhild Hansdotter f. ca. 1785 i Sandneshagen, foreldra budde og ei tid i Kleiven. Svein som var enkjemann var son til Syver Sandviken, og i 1853 er det han som er oppgjeve som brukar. Ved barnefødslar i tida 1841-1851 er dei oppgjeve å bu i Kleiven, men i 1854 var dei i Næbnesset. Da Svein døydde i 1857 var han inderst i Kleiven, medan Kari i 1865 budde som inderst i søre Øverli saman med dottera Kari. Svein og Kari hadde barna*

*Ole f. 1841*

*Kari 1843-1845*

*John f. 1847*

*Anne 1850-1850*

*Hans f. 1851*

*Kari f. 1854*

*I 1865 var Peder Andersen f. ca. 1825 husmann i øvre Kleiven. Peder var frå Tassmyrhauge og vart i 1855 gift med Rønnaug Johannesdotter Prestegardseie f. ca. 1832, dei hadde barna*

*Anders f. 1855*

*Johannes f. 1859*

*Jacob 1863-1865*

*Jacob 1866-1866*

*Jacob f. 1868*

*Det ser ut til at familien har vore i Kleiven mellom 1855 og 1867.*

*Familien emigrerte til Amerika.*

*I 1869 vart Knut Olsen Helleløkken gift med Kari Olsdotter Jelet, i 1869 budde dei i Kleiven og fekk sonen*

*Ole f. 1869*

*Dei fekk mange fleire barn medan dei seinare budde på Lilleødegården under Håkenstad og frå 1873/1874 på Vole i Lom. Knut Vole vart ein kjend fjellførar. Av Gudbrandsdalskommisjonens Indberetning går det fram at i 1877 var øvre Kleiven hevda eigedomsbuk, Ole Olsen var husmann under Valbjør. Dette kan vera far til Knut Olsen.*

*I 1875 var Paul Eriksen 1842-1934 husmann i Kleiven, og han var også der seinare. Dette kan tyde på at Ole Olsen hadde flytta frå sjølv alt før 1875. Paul Eriksen Stokstadeie vart i 1867 gift med Brit Hansdotter Sønstlien (Holshaugen) 1844-1912, i 1867 og 1871 budde dei på Holshaugen, men i 1874 var dei husmannsfolk i Kleiven under Valbjør. Også i 1900 var øvre Kleiven husmannsplass under Valbjør, Paul Eriksen var jordbrukande husmann og skogvokter. Paul og Brit hadde barna*

*Mari 1867-1954, gift med Hans Veien 1872-1861, i Nyheim  
Anne 1871-1951*

*Imbjør 1874-1952, gift med Jon Veien, i Stavseng*

*Ragnhild f. 1877*

*Gunhild f. 1879*

*Ola 1882-1955, gift med Hanna Storvikseter 1888-1982, dei budde ved Sandbu*

*Hans f. 1884 kjøpte Jordet i 1917, gift med Mari Sveen f. 1887 Anne hadde sonen Sigurd f. 1903 med Mathias Sveinson Sandbakken, men Mathias omkom i ei vådeskotsulykke i Fåvang i 1904. Sigurd vokste opp i Kleiven, han vart gift med Marie nørdre Vetlsæter i Lom 1910-1979, dei flytte til Bøverdalen. Ragnhild og Anne budde i Kleiven til dei vart gamle, dei flytte da med seg stugu til Jordet. Dette var etter krigen.*

*I 1875 var det i øvre Kleiven 1 sau og 8 geit, medan dei sådde  $\frac{1}{4}$  tønne bygg og  $\frac{1}{4}$  tønne poteter. Ti år før hadde dei ei ku også.*

*Kjelder: Norsk Gardsbruk 1953-1997*

*Ivar Flatum, Årbok 1981: Anders Tassmyrhaugen, s. 42*

*Jon Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 145*

*Johannes Haugstad 1993: Varp og veft, s. 119*

*Folketelling 1865, 1875, 1900*

*Panteregister/grunnbok  
Gudbrandsdalskommisjonens Indberetning 1882  
Utskrifter kyrkjebok for Vågå  
Oversikt almenninga 1853  
Anna Randen: munnleg fortalt*